

Beiteflora for klassifisering av innmarksbeite i AR5

Mai 2020



Klassifisering av innmarksbeite

Det er fleire krav til innmarksbeite i AR5. Desse er omtalt i AR5 klassifikasjonssystem og dokumentet «Rettleiar for klassifisering av innmarksbeite i AR5», som ligg under vedlegg på nettsida <https://nibio.no/tema/jord/arealressurser/arealressurskart-ar5/klassifikasjonssystem-ar5>

Eit sentralt krav er knytt til vegetasjonsdekket: Arealet må vere dominert av (minst 50%) kulturgrasartar og beitetånde urter.

Dei viktigaste artane som skal reknasts med er presentert under:

- Kulturgras
- Beitetående urter.

Arter som ikkje skal regnes med er presentert under:

- Skogsgras
- Kulturugras
- Gjengroingsartar

I tillegg er artar som opptrer på strandenger presentert til slutt.

Kulturgras

Grasartar som skal reknast med når en vurderer grasdekning i innmarksbeite er dei som blir fremma ved beiting, som gir god produksjon og som er gode beiteartar.

Slike artar kaller vi kulturgras. Dette er i hovudsak breiblada artar.

- Engvein
- Engrapp
- Rødsvingel
- Gulaks
- Fjelltimotei
- Sølvbunke
- Raparter
- Engsvingel
- Engreverumpe
- Timotei
- Hundegras
- Englodnegras



Foto: Johnny Hofsten

Engkvein

- Topp rødbrun, eggforma og åpen også etter blomstringa.
- Blad tynne og flate og litt rue, oftest 2-4 mm breie. Slirehinne kort og tverr på nedre og midtre stråblad, oftest litt spiss på øverste stråblad.
- 20 – 80 cm
- Matter eller glisne tuer med opprette skudd innanfor slirene, og korte til lange, tynne underjordsrenningar.
- Fleirårig
- Åpen skog, skrinn eng og beitemark, stiar og vegkantar
- Vanleg i heile landet.



Foto ©: Kristin Vigander

Engrapp

- Åpen topp, oftest langgreina. Småaks er fleirblomstra med taklagte, kvassrygga agner uten snerp eller brodd.
- Strå oftest fleire saman.
- Blada er jevnbreie med kjøl, baugforma i spissen og «skispor» i bladplata.
- Høgde 20 – 90 cm
- Veks i både tuer og matter.
- Fleirårig
- Kultureng, beitemark, skogkantar, vegkantar og skrotemark
- Vanleg i lavlandet nord til Troms



Foto©: Egil Michaelsen

Raudsvingel

- Topp åpen eller smal, slakk. Inneragn nesten snaue eller gråhåra. Med tydeleg brodd.
- Nedre bladslirer raude eller mørkfarga.
- Rotblad sammenrulla og smale, stengelblad oftast flate og breie.
- Høgde 20-70 cm.
- Veks i matter med lange underjordsrenningar.
- Formrik med fleire underartar
- Åpen skog, eng og beitemark, vegkantar og skrotemark.
- Vanleg i heile landet til godt over skoggrensa, danner gjerne tette matter i strandeng.



Foto©: Kristin Vigander

Gulaks

- Topp 2-5 cm, først grønn, seinare lysebrun. Småaks og skaft med hår.
- Strå uten greiner.
- Hårete slirer. Blad 3-5 mm brede. Slirehinne butt, med hår i kanten.
- Høgde 10-40 cm.
- Særeigen smak av kumarin når ein tygg på strået.
- I fjellet finnes ein nærliggende art – fjellgulaks, som også kan reknast som kulturgras.
- Beita skog, beitemark, lysthei og vegkantar
- Vanleg i lavlandet og dalførene nord til Troms



Foto ©: Kristin Vigander

Fjelltimotei

- Småaks i tett, kort, jevntjukk kjevle, oftast 2-5 cm langt, brunfiolett. Ytteragner langhåra etter ryggen, smalner brått mot den 2-4 mm lange brodden. Pollenknapp lys.
- Strå med 2-4 leddknutar og oppblåst øvre bladslire, oftast med plate.
- Fleirårig
- Veks i glisne tuer.
- Fleirårig
- Åpen skog, beitemark, stiar og snøleier
- Vanleg i fjellet



Foto ©: Kristin Vigander

Engsvingel

- Toppgras, med mangeblomstrete grønne eller litt brunfiolette småaks uten snerp.
- Flate mørkegrønne slette blad, samanrulla i skuddet. Har kloforma bladøyre og åpen bladslire, svært kort slirehinne.
- Høgde 40 – 80 cm
- Veks i tynne tuer eller matter
- Fleirårig
- Eng, tangvoll, vegkant og kulturmark
- Nokså vanleg nord til Troms, sjeldent i Finnmark



Foto©: Lars T. Havstad

Engreverumpe

- Tette og kjevleforma aks, ligner på ein revehale.
Einblomstra småaks med snerpe.
- Strået er ikkje oppsvulma ved basis, oftast raudleg.
- Flate blad som er breiast ved basis. Åpne bladslirer
med slirehinne uten bladøyre.
- Djuptliggande rot
- Høgde 50 – 100 cm
- Fleirårig
- Dyrka mark, beitemark og vegkantar
- Vanleg i heile landet



Hundegras

- Toppen er satt saman av fleire småaks som ser ut som «labbar». Småaks mangeblomstra.
- Den nederste delen av stengelen er «flattrykt»
- Flate, lange og jevnt smalnande blad, Slirehinne lang og spiss. Bladet sammenbretta i skuddet. Slirer og blad rue.
- Høgde 40 – 120 cm.
- Veks i meir eller mindre tette tuer.
- Fleirårig.
- Kunsteng og vegkantar, sjeldent i skog og utmark.
- Vanleg i det meste av landet.



Foto©: Sebastian Bieber

Timotei

- Tette kjevleforma stive aks. Einblomstra småaks uten snerpe, men ytteragna har lang brodd.
- Strået oppsvulma ved basis.
- Flate blad, sammenrulla i skuddet, bladet breiast ved basis. Åpne bladslirer med slirehinne uten bladøyre.
- Høgde 40 – 100 cm.
- Veks i glisne eller tette tuer.
- Fleirårig
- Grunt rotsystem.
- Dyrka mark og vegkantar.
- Vanleg i det meste av landet.



Foto©: Steffen Adler

Sølvbunke

- Fiolett til grønn topp med rue greiner. Inneragn med en rett snerpe festa ved grunnen av inneragnen, stikk ofte litt ut av småakset.
- Strå rette, med stor, åpen og slakk. Blad flate eller sammenrulla, rifla og svært rue på oversida. Bladsrirer åpne øverst så den 8-15 mm lange og spisse stive slirehinna ikkje ligg heilt inn til strået.
- Høgde 40 – 100 cm.
- Veks i store, faste tuer.
- Fleirårig
- Slåtteeng, beitemark, åpen skog og sumpskog, vannkantar og vegkantar
- Vanleg i heile landet



Foto© Erling Fløystad

Englodnegras

- Topp lubne, grågrøn til fiolett. Småaks tobломстра. Snerp stikk ikke ut av småakset.
- Blad breie, mykt gråhåret, lang slirehinne.
- Strå tjukke, mjukt gråhåra.
- Høgde 30 – 70 cm.
- Små tuer.
- Fleirårig
- Slåtteeng og beitemark, lysthei, fuktig strandeng og vegkantar.
- Nokså vanleg i kyststrøk, mest vanleg på Vestlandet.



Foto©: Kristin Vigander

Skogsgras

Grasartar som førekjem naturleg i utmark, uavhengig av kulturpåverknad.

Dette er grasartar som *ikkje* skal reknast med i grasdekningsprosenten på innmarksbeite.

Desse grasartene kan være både smalblada og bredblada.

- Smyle
- Finnskjegg
- Sauesvingel
- Blåtopp
- Skogrørkvein
- Snerprørkvein
- Starrartar



Foto©: Michael Angeloff

Smyle

- Topp gråbrun eller purpurfarga, med litt rue greiner som er krøllete og til slutt spriker ut. Toblomstra.
- Blad grønne, lange, mjuke og slette, trådsmale sammenrulla.
- Høgde 20 – 70 cm.
- Tynne tuer.
- Fleirårig
- Skog og særleg hogstflater, tørr eng, beitemark og hei.
- Vanleg i hele landet.



Foto©: John Y. Larsson

Finnskjegg

- To rekker einblomstra, svarte småaks i einsidige aks.
- Strå seige.
- Trådsmale rue blad som står omrent vinkelrett ut frå slirene. Nedre slirer gulkvite.
- Øgde 10-30 cm.
- Tette faste tuer, ofte med gammalt gras.
- Fleirårig
- Skrinn skog, hei, beitemark, stier, i fjellet i grasmark og snøleie.
- Vanleg i heile landet.



Foto©: Bolette Bele

Sauesvingel

- Smal topp med korter, rue greiner.
- Tynne strå med åpne slirer.
- Blad trådsmale og sammenrulla, litt rue.
- Høgde 15 – 40 cm.
- Tette tuer med grå eller gråbrune slirer.
- Fleirårig
- Grunt jorddekt berg, tørrbakke, tørreng, sandmark, vegkantar og rabb.
- Litt austleg utbreiing, sjeldan på kysten av vestlandet.



Foto©: Kristin Vigander

Blåtopp

- Topp smal og mørkt blåfiolett. Småaks 4-6 mm lange, oftest 3-blomstra.
- Strå løkformet ved grunnen, oftest bare en leddknute synlig tett ved grunnen. En stiv, flaskeforma pinne blir sittende igjen når strået brekker i knuten.
- Blad ca 5 mm brede, langspisse, litt håret. Slirehinne en hårkrans.
- Størrelse 15-90 cm
- Blågrønt gras i tette tuer.
- Flerårig
- Fuktig kystskog og kysthei, fuktig eng og beitemark, myr, vannkanter og våte berghamrer.
- Vanleg nord til Troms



Foto: Nationalpark Thy

Skogrørkvein

- Topp 10-18 cm, stor, struttande, fiolett- eller gråbrunleg. Småaks 4-8 mm.
- Strå med 5-7 leddelar, ofte med bladbærande skudd frå dei nedre bladslirene.
- Blad 4-6 mm breie, vanlegvis snaue oppå. Slirehinne 8-10 mm, spiss, oppflisa.
- Høgde 70-200 cm.
- I tette bestandar av jevn høgde.
- Fleirårig
- Skog, eng, beitemark, vegkantar og vannkantar
- Vanleg i nesten heile landet, unntatt ytre del av vestlandet.



Foto©: Kristin Vigander

Snerprørkvein

- Topp rødgrå, smal før og etter blomstring.
- Strå høge og glatte med 2-3 leddknutar.
- Blad lange, smale, rue eller svært korthåra på oversida, skinnande blanke på undersida. Hårdusk på baksida av bladet i overgangen mellom bladplata og slira.
- Høgde 60 – 120 cm.
- Veks i tuer.
- Fleirårig.
- Nokså tørr skog, hogstflater, skogkantar og vegkantar.
- Vanleg på Austlandet, ellers meir spreidd.



Foto©: Kristin Vigander

Stivstarr

- Akssamling avlang, av oftast eitt hannleg toppaks og 2-4 avlange hoaks. Nederste støtteblad oftast kortare enn akssamlinga. Dekkskjell svarte med eller uten smal, lys nerve, omtrent jevn lange med fruktgøymene.
- Strå stive og kvasskantet.
- Blad stive, utbøygde, lysegrøne, med nedsenka midtnerve og to høge sidenerver, kantane ruller seg mot undersida når dei tørker. M-formet i tverrsnitt.
- Høgde 10 – 40 cm
- Matter.
- Rabb, grasmark, snøleie, tuer på myr, kysthei, stiar og vegkantar
- Vanleg i fjellet og i fjellskogen



Foto©: Kristin Vigander

Slottestarr

- Akssamling avlang, av oftest eitt hannleg toppaks og 1-3 smalt sylinderiske hoaks. Nederste støtteblad langt og bladforma, men oftast kortare enn akssamlingen. Dekkskjell svarte med lys nerve.
- Strå tynne.
- Slirer brune. Blad mørkegrønne, noko stive eller slakke, matte, 1-4 mm brede, med nedsenka midtnerve, kantane ruller seg mot oversida når dei tørker.
- Høgde 10 – 50 cm.
- Matter eller tuer.
- Myr, fuktig beitemark og vannkantar, stiaer og tråkk.
- Vanleg i det meste av landet.



Foto©: Kristin Vigander

Bleikstarr

- Akssamling av eitt oftast sittende hannaks og 2-4 tette, avlange hoaks, ofte nokså tett saman. Dekkskjell bleike med lys nerve. Fruktgjemme 2,5-4 mm langt, bleikt, tilslutt lysebrunt, avlangt, med tynne nerver, uten nebb.
- Strå kvasskanta, ru øverst. Nedre bladslirer lodne.
- Blad flate og lysegrønne, 2-4 mm breie.
- Høgde 20 – 60 cm.
- Små tuer.
- Frodig skog, skogkantar, slåtteeng og beitemark.
- Vanleg i det meste av landet, unntatt delar av Finnmark.



Kornstarr

- Akssamling av eitt smalt, mørkebrunt og langskaftha hannaks, og 1-3 godt skilte, grisne hoaks. Strå stive og slette.
- Blad folda med trekanta bladspiss, blågrønne med pappillar på undersida, 2-5 mm breie, og oftest kortare enn strået. Stråblad med lite oppblåste slirer og lange plater.
- Høgde 20 – 50 cm.
- Matter med krypande jordstengar, mørkt grågrøne slirer.
- Åpen skog, fuktig eng og beitemark, kysthei og myr.
- Vanleg i det meste av landet, mindre vanleg i Finnmark.



Foto©: Kristin Vigander

Stolpestarr

- Akssamling avlang, av ofast eitt hannleg toppaks og 1-3 smalt sylinderiske hoaks, sittande, eller det nederste kortskafa. Nederste støtteblad langt og bladforma, men ofast korare enn akssamlinga. Dekkskjell svarte med lys nerve.
- Strå ofte rue langt nedover.
- Blad granne og slakke, 1-2mm breie.
- Høgde 30 – 100 cm.
- Store kompakte, stolpeforma tuer. Korte skrå jordstenglar. Slirer mørkebrune eller purpurfarget.
- Sump, myrkantar og vannkantar
- Vanleg i det meste av landet. Men mindre vanleg sør på Austlandet og på delar av Vestlandet.



Foto©: Kristin Vigander

Beitetånde urter

Urter som blir favorisert ved beiting og som kan reknast med i dekningsgraden av kulturgras og beiteurter.

Desse urtene har ofte ien bladrosett nær bakken slik at dei unngår å bli beita bort.

- Blåklokke
- Blåkoll
- Engkarse
- Engsoleie
- Engsyre
- Fuglevikke
- Karve
- Kvitkløver
- Kystmaure
- Løvetann
- Marikåper
- Prestekrage
- Ryllik
- Svevearter
- Vårpengeurt
- Rød jonsokblom
- Harerug



Foto©: Oskar Puschmann

Blåklokke

- Krone blå (sjeldent kvit), klokkeforma, oftast 1,5-2cm lang. Kapsel hengande, snau.
- Stengel snau eller litt håret nederst.
- Grunnblad små, nyre- eller hjerteforma og langskifta.
- Stengelblad smale, øverst linjeforma. Kan ha mange blomster på stengelen eller berre ein.
- Høgde 10-50 cm.
- Åpen skog, tørrbakke og berg, slatteeng og beitemark, kysthei og rabb i fjellet.
- Vanleg i heile landet.



Foto©: Kristin Vigander

Blåkoll

- Krone blåfiolett.
- Blomster i oftast 6-blomstra kransar i hjørnet av små støtteblad.
- Nedre del av stengelen krypande, øverst litt håret og ofte noko brunfiolett.
- Høgde 5-25 cm.
- Eng, beitemark, plenar, åkerkantar og vegkantar.
- Vanleg nord til Troms.



Foto©: Kristin Vigander

Engkarse

- Kronblad bleikfiolette eller kvite. Pollenknappar gule.
- Relativt tjukk stengel.
- Tydeleg rosett av finnede blad med lansettforma til runde småblad.
- Stengelblad finnede med smale småblad eller fliker.
- Høgde 20-50 cm.
- Eng, grasplen og frukthage.
- Mest vanleg på Sørlandet og Vestlandet.



Foto©: Kristin Vigander

Engsoleie

- Gule blomster, femtallige.
- Rund (ikkje furet) blomsterstilk.
- Greina stengel, tiltrykt, håret eller glatt.
- Grunnblad tre - femdelte, avsnitta, igjen delt i linjetil lansettforma fliker.
- Ovale smånøtter med kort, svakt krumma nebb.
- Kulturmark og beita skog.
- Vanlig nord til sørlege del av Nordland.



Foto©: Kristin Vigander

Engsyre

- Blomsterstand glissen, med enkle greiner.
- Stengel opprett, mjuk.
- Nedre bladplater pilforma, spisse, 2-5 ganger så lange som breie.
- 2-4 stengelblad med stengelomslutta bladflikar og tanner på slirene.
- Høgde 30-90 cm.
- Eng beitemark og vegkantar.
- Vanlig i lavlandet og opp i fjellskogen i heile landet.



Foto©: Kristin Vigander

Fuglevikke

- Krone blå eller blåfiolett.
- Klase, ofte med 30-40 blomster, 8-12 mm lange.
- Greina klengetråd.
- Stengel tynn og greina, snau eller oftast med korte, liggande hår.
- 6-15 par småblad med lite markert midtnerve på oversida.
- Høgde 20-80 cm.
- Eng og beitemark, åpen skog og skogkantar, hei, strand, vegkantar og skrotemark.
- Vanlig i heile landet opp til snaufjellet.



Foto©: Kristin Vigander

Harerug

- Aks med kvite eller bleikraude blomster øverst, lysebrune til mørkraude yngleknopper nederst, etande.
- Jordstengel tjukk, mørk og knebøyd.
- Ofte kan ein finne plantar med berre yngleknoppar.
- Sprer seg med yngleknoppene som ofte begynner å spire i akset og som også er etande.
- Høgde 5-30 cm.
- Slåtteeng, beitemark, skog, hei, snøleie og tørr tundra.
- Vanleg i det meste av landet, men meir sjeldan på kysten mellom Østfold og Rogaland.



Foto©: Kristin Vigander

Karve

- Skjerm med 5-10 strålar, uten svøpblad, med kvite eller iblant raudlege blomster.
- Stengel snau, hul, med striper og greiner.
- Blad dobbelt flika med linjeforma flikar, lukter karve når dei vert gnidd.
- Øvre stengelblad med brei, hinneaktig slire og fliker ved grunnen.
- Frukt 3-4 mm, brun, med bleke lister. Tidlegare dyrka.
- Høgde 25-60 cm.
- Tørr slåtteeng, beitemark og vegkantar.
- Vanleg i det meste av landet, sjeldan på kysten frå Sunnhordaland til Nordfjord, i fjellet og i Finnmark.



Foto©: Rolv Hjelmstad

Løvetanner

- Kronene er gule til gulkvite.
- Dei ytre kronblada har ei mørk stripe på undersida.
- Grov rot. Blad i rosett.
- Kurver på bladlause, hule stengler.
- Stenglane er fulle av kvit besk saft.
- Løvetannfamilien består av eit stort antall artar som det gjerne er vanskeleg å skille mellom.
- Plen, eng, åker, på vegkantar og skrotemark.
- Vanlege i heile landet.



Foto©: Kristin Vigander

Kvitkløver

- Krone hvit eller innimellan rosa. Hovudet rundt.
- Stengel omrent snau, kryp på bakken og slår rot ved bladfestet.
- Blada er langskafte. Småblad med tynne rette sidenerver.
- Øyreblada store og hinnetynde, smalner brått til ein lang spiss.
- Velluktande, blir brun og nedbøygda etter blomstring.
- Høgde 10-40 cm.
- Eng og beitemark, beita skog, vegkantar og stiar.
- Vanleg i heile landet til opp i snaufjellet.



Foto©: Kristin Vigander

Kystmaure

- Krone kvit, 2-4 mm brei.
- Topp åpen og kortgreina.
- Vide tepper av krypande, slette stenglar som har tettstilte, 4-blada kransar.
- Opprette, tynne skudd.
- Blad smalt omvendt eggforma til omvendt lansettforma, broddspisse.
- I bladkanten krokhår som er retta framover, 6-7 blader i kranske.
- Frukt med små, spisse vorter.
- Høgde 5-20 cm.
- Beita skog, eng, beitemark og lynghei.
- Vestleg utbreiingsmønster.



Foto©: Kristin Vigander

Marikåper

- Blomstane er små, grøne til gulgrøne, uten kronblad.
- Blomsterstandane sitt i kvast.
- Store grunnblad, runde til nyreforma, håndlappa til djupt håndflika.
- Stengelblad er mindre, men likner på grunnblada.
- Familien består av eit stort antall artar som gjerne er vanskelege å skille frå kvarandre.
- Kultureng og slåtteeng, beitemark og grøfter.
- Vanleg i heile landet.



Foto©: Kristin Vigander

Prestekrage

- Kurv 4-5 cm brei, med gule midtkroner og kvite kantkroner.
- Stengel oftest ugreina med en kurv.
- Grunnblad rundtannet; stengelblad avlange eller omvendt eggforma, grovtanna og ofte med flere smale fliker nederst, de øverste sittende.
- Størrelse 20-70 cm.
- Åpen beita skog, skogkanter, slåtteeng og beitemark, vegkanter og skrotemark.
- Nokså vanlig i det meste av landet.



Ryllik


- Tunge kroner oftest kvite, korte, breie.
- Spredtstilte blad og kurver samla i kvast.
- Stengel seig, spredt hårete.
- Blad lansettforma, 2-3 gonger parflikete, hårete.
- Korger 3-4 mm breie, korgdekkblad med smale, lysebrune hinnekantar.
- Åpen, tørr skog og tørrbakke, slåtteeng, beitemark, vegkantar og skrotemark.
- Vanleg i heile landet til opp i snaufjellet.



Foto©: Kristin Vigander

Svever


- Kroner gule eller raudlege, sjeldent gulkvite eller grønkvite.
- Blad i rosett eller både grunnblad og stengelblad.
- Hårete stengel. Kurvdekkblad i fleire lag.
- Familie som består av mange artar som er vanskelege å skille frå kvarandre.
- Slåtteeng og beitemark, beita skog, setervoll, rasmark.
- Vanleg i heile landet.



Foto© Kristin Vigander

Vårpengeurt

- Blomster med 3-4 mm lange kronblad og mørkfiolette støvknappar.
- Stengel uten greiner, med tett bladrosett og 3-5 ganske små stengelblad.
- Skulpe 6-8 mm, smalt hjerteforma.
- Griffelen like lang som eller litt lenger enn den V-forma innskjæringer i skulpen.
- Ein av de fyrste blomstrane om våren.
- Høgde 10-20 cm.
- Tørr eng, på berg og i åpen, tørr skog opp til snaufjellet.
- Vanleg nord til Nordland, meir sjeldan lengre nord.



Foto©: Kristin Vigander

Raud jonsokblom

- Kronblad rosa.
- Stengel ofte raudfarget øverst, - dunhåra til nesten snau.
- Nedre blad langskafte, midtre kortskafte, øverste sittande.
- Beger raudbrunt, 10-15 mm langt, oppblåst hjå hoplanten, ikke hjå hannplanten.
- Høgde 20-60 cm.
- Slåtteeng, beitemark og skog.
- Vanleg i heile landet til opp på snaufjellet.



Foto©: Kristin Vigander

Kulturugras

Dette er artar som blir fremma ved kultivering, men som ikkje

har verdi som beiteplantar.

Dei skal *ikkje* reknast med i dekningsgraden av kulturgras og

beiteurter.

Dei artane som er nevnt her opptrer gjerne i koloniar, og kan

dekke større område i eit innmarksbeite.

- Stornesle
- Bringebær
- Dåarter
- Knappsv
- Lyssiv
- Nyperose
- Tistel
- Høymole



Foto©: Elling Mjaavatten

Stornesle

- Det finnes fleire artar av nesler, i kulturlandskapet er stornesle den mest vanlege.
- Opptil meterhøg urte med rak stengel og motsatte blad med brennehår.
- Smågrøne blomster i tette blomsterstandar i bladhjørnene.
- Forholdsvis lange blomsterklasar.
- Danner tette bestandar med rikt forgreina jordstenglar.
- Blad er matte, avlangt eggforma, grovtanna, hjerteforma nederst.
- Næringsrik skog og tangvoll, vegkantar og beitemark.
- Vanleg i heile landet.



Foto©: Erling Fløystad

Bringebær

- Halvbusk som spreier seg sterkt med rotkudd.
- Frukt raud, innhul ettersom blomsterbunnen står igjen som ein lang tapp.
- Stenglane er toårige med rette veike og nåleforma torner, blomster fyrst på toårsskuddet.
- Blad tilspissa, kvit filthåra på undersida.
- Kronblad kvite, små og smale, opprette.
- Høgde 0,5-1,5 m.
- Lauvskog, skogkantar, hogstfelt, kratt, vegkantar og gjengrodde enger.
- Vanleg opp til skoggrensa og nordover til Nord-Troms, finnast i kyststrøk i Finnmark.



Foto©: Kristin Vigander

Guldå (Dåartar)

- Krone gul med fiolett flekk på underleppa.
- Sjeldan heilt gul.
- Kronrøyr dobbelt så langt som begeret.
- Høgde 20-90 cm.
- Åker, hage, vegkantar, tangvoll og skrotemark.
- Vanleg i lavlandet til Nordland, meir sjeldan i fjelldalane og Finnmark.



Foto©: Kristin Vigander

Knappsiv

- Blomsterstand oftest tett kuleforma med gulbrune eller raudbrune blomster, 2-4 mm lange.
- Strå med 10-30 lave, litt rue ribber oppunder blomsterstanden.
- Slirer lysebrune.
- Støtteblad avflata ned mot blomsterstanden.
- Høgde 40-90 cm.
- Store, tette tuer.
- Fuktig beitemark, eng og grøfter, skrotemark.
- Vanleg på austlandet, ellers meir sjeldan i resten av landet.



Foto©: Kristin Vigander

Lyssiv

- Blomsterblad 2-3 mm. Kapsel inntrykt, uten spiss, lengre enn dekket.
- Stengel glatt under den ofte utsberra og lysebrune blomsterstanden.
- Nedre slirer ofte mørkebrune.
- Høgde 30-100 cm.
- I tette tuer.
- Vanleg på austlandet, meir spreidd utbreiing i resten av landet.
- Fuktig beitemark, eng og grøfter.



Foto©: Kristin Vigander

Nyperoser

- Kronblad raude til kvite for ville artar.
- Nypa raud, gulrød, brun eller nesten svart.
- Busker med barktorner av forskjellige slag.
- Finna blad med tanna småblad.
- Sikker artsfastsetting krev gjerne godt utvikla nyper.
- Skogkantar og berg, tørrbakke og beitemark.
- Artar i steinnypegruppa har hovudutbreiing nord til Trondheimsfjorden.



Foto©: Erling Fløystad

Høy mole

- Dekkblad på frukta nyreforma, uten korn, eller med eitt lite. Nøtt mørkebrun.
- Stengel ikkje fura.
- Nedre blad elliptiske med bølgekantar, 15-35 cm lange, 3-4 gonger så lange som breie.
- Høgde 50 – 150 cm.
- Tangvoll, dyrka mark, beitemark, vegkantar og skrotemark.
- Vanleg i hele landet.



Foto ©: Erling Fløystad

Gjengroingsartar

Artar som høyrer heimme i utmarka, men som raskt koloniserer tidlegare beitemark når beitetrykket blir lavt eller opphører.

Desse artane skal *ikkje* reknast med i dekningsgraden av kulturgras og beitetånde urter.

- Mjødurt
- Skogstorkenebb
- Tyrihjelm
- Hundekjeks
- Ballblom
- Geitrams
- Einer
- Einstape



Foto©: Gunnar Engan

Mjødurt

- Blomster vanlegvis med 5 gulkvite kronblad, 3-4 mm lange.
- Blomsterstand med mange kvite små blomster. Frukt sammensatt av 6-10 nøtter.
- Stengel opprett med blad i par med små fliker mellom dei store.
- Høgde 50-150 cm.
- Fuktig slåtteeng og beitemark, sump, sumpskog og vannkantar.
- Vanleg i heile landet til opp på høgfjellet.



Foto©: Kristin Vigander

Skogstorkenebb

- Store, blodraude blomster som sitt enkeltvis, langstilka.
- Frukt nebblignande, 3-4 cm lang.
- Høgde 15-60 cm.
- Skog og eng.
- Vanleg i det meste av landet til godt over skoggrensa.



Foto©: Kristin Vigander

Tyrihjelm

- Blomstane er som regel fiolette.
- Tjukk, loddrett rotstokk.
- Svakt greina stengel, store håndflika blad.
- 1- 2 m høy.
- Planta er svært giftig.
- Høgstaudeskog og høgstaudeeng til over skoggrensa og beitemark.
- Vanleg i store delar av landet



Foto©: Kristin Vigander

Hundekjeks

- Små kvite blomster som sitt i skjermar.
- Skjerm med 7-10 snaue strålar. Småskjermar med 4-8 frukter. Småsvøp med 5-7 eggrunde blad.
- Kantblomster større enn midtblomstrane.
- Frukt 8-10 mm, svartbrun.
- Stengel kantete, hul, nederst håret, rikt forgreina.
- Høgde 50-150 cm.
- Eng, beitemark og næringsrik skog.
- Vanleg i heile landet opp til snaufjellet.



Foto©: Erling Fløystad

Ballblom

- Gul blomst 2-5 cm brei, med ca 15 kvelva dekkblad, som omgjev 5-15 små nektarblad og like mange støvbærarar.
- Stengel opprett, ugreina, snau.
- Nedre blad 7-15 cm breie, vanlegvis med 5 flikar.
- Frukt ca 12 mm lange, rynkete belgkapslar med kjøl.
- Høgde 25-70 cm.
- Høgstaudeskog og høgstaudeeng, slåtteeng og beitemark.
- Finnes fleire stader i landet, men har ei austleg hovedutbreiing.



Foto©: Frode Bentzen

Geitrams

- Blomsterklaser med mange rosa blomster og hengande knoppar.
- Kronblad 12-23 mm.
- Griffel 10-12 mm.
- Blad spredt, lansettforma, med tydelege nerver, under blågrønne.
- Høgde 30-150 cm.
- Skog, beitemark, røyser og bråter, vegkantar og skrotemark.
- Vanleg i heile landet.



Foto©: John Y. Larsson

Einer

- Busk eller lite tre med ei rekke forskjellige vekstformer.
- Fleirårige nåler i tretalskransar.
- Hannblomster gule, hobblomster grøne.
- Frøet sitt i ei bærkongle av tre oppsvulma kongleskjell, grøn det fyrste året, gråblå det andre.
- Høgde opptil 15 m.
- Tørr skog, hei og beitemark.
- Vanleg i heile landet opp til skoggrensa.



Foto©: Oskar Puschmann

Einstape

- Krypande jordstenglar og enkeltståande blad med lange, oppovervendte skaft og store bladplater som er 2-3 gonger finna.
- Sporene sitt i ubrutte rekker under den innrulla kanten til bladflikane.
- Høgde 50-150 cm.
- Skog og hei.
- Vanleg i lavlandet og dalføra nord til Salten.



Foto©: John Y. Larsson

Strandeng

Strandenger er naturlege plantesamfunn som ligg inntil og er påverka av saltvatn. Desse areala kan vere gode beiteareal, og skal klassifiserast som innmarksbeite etter same kriterie som andre areal.

Strandengene har pga saltvannspåverknaden gjerne ein annan artsamansetning enn det ein finn i andre engareal.

Kulturgras:

- Raudsvingel
- Smårørkvein

Ikkje kulturgras:

- Strandrug
- Strandrøyr
- Kveke
- Marehalm
- Dunhavre
- Hestehavre
- Saltgras
- Saltsiv



Foto©: Oskar Puschmann

Raudsvingel

- Topp åpen eller smal, slakk. Inneragn nesten snaue eller gråhåra. Med tydeleg brodd.
- Nedre bladslirer raude eller mørkfarga.
- Rotblad sammenrulla og smale, stengelblad oftast flate og breie.
- Høgde 20-70 cm
- Veksi matter med lange underjordsrenninger.
- Formrik med fleire underartar.
- Åpen skog, eng og beitemark, vegkantar og skrotemark.
- Vanleg i heile landet til godt over skoggrensa, danner gjerne tette matter i strandeng.



Foto: © Kristin Vigander

Smårørkvein

- Topp nokså smal, først fiolett, sidan gråbrun.
- Tynne og stive strå
- Blad 2-3 mm breie, ofte sammenrulla, sterkt rue på oversida, blankt grasgrønne på undersida. Slirehinne 1-4 mm lang, butt.
- Høgde 20 – 80 cm.
- Matter med lange utløparar.
- Fleirårig.
- Myr, elve- og vannkantar, grøfter, strandeng og vegkantar.
- Nokså vanleg i lavlandet og ved kysten.



Foto©: Kristin Vigander

Strandrug

- Aks 15-30 cm, seinare halmgule, med 2-4 småaks pr ledd.
- Snaue strå.
- Blad 8-15 mm breie, ru, under med grove nerver. Slirehinne svært kort.
- Høgde 50 – 150 cm.
- Sett utløparar.
- I blågrøne bestandar med siv.
- Fleirårig.
- Tangvoll, sandstrand og sanddyne, sandhaldige elvekantar og sandmeler.
- Vanleg langs heile kysten. Finnes også i egna biotopar i innlandet, fyrst og fremst austlandet og Finnmark.



Foto©: Narve Brattenborg

Kveke

- Tosidig aks.
- Strå stive, rette, snaue.
- Nedre bladskiver har ofte stive, nedvendte hår, men snaue kantar. Blad flate eller innrulla, mørkegrøne, 3-10 mm breie, med tynne nerver, ofast langhåra oppå og rue i kanten.
- Høgde 30 – 100 cm.
- Veks i vide matter med lange jordstenglar og mange bladskot.
- Fleirårig.
- Tangvoll, tørreng, sanddyne, åker, eng, vegkantar.
- Vanleg i heile landet.



Foto©: Kristin Vigander

Marehalm (Sandrør)

- Topp tett, kjevleforma. Småaks einblomstra og kortskafa.
- Strå høge og stive.
- Blad glatte, bleikt grågrøne, samanrulla, småhåra på oversida, blanke på undersida. Slirehinne 10-30 mm lang, djuptpt toflika.
- Høgde 50 – 100 cm.
- Jordstenglar lange og krypande.
- Fleirårig.
- Sanddyne.
- Sørlege kyststrøk.



Foto © Egil Michaelsen

Dunhavre

- Topp smal til åpen med fleire og mindre småaks på lengre greiner enn enghavre. Småaks 1,2-2 cm lange, 2-4 blomstret med 3-6 mm lange hår på midtaksen.
- Blad flate eller noko renneforma, mjuke og grøne. Nedre blad og bladslirer dunhåra, sjeldent snaue. Slirehinne 0,5-1 mm lang, tverr.
- Høgde 50 – 120 cm.
- Fleirårig.
- Lause tuer.
- Åpen skog, sørberg, slåtteeng og beitemark, sandmark langs kysten.
- I hovudsak kystutbreiing, vanleg til spreidd nord til Nordkapp.



Foto©: Kristin Vigander

Saltgrasfamilien

- Småaks mangeblomstra, kjevleforma.
- Blad smale, ofte noko ihoprulla, åpne bladslirer og tydelege slirehinner.
- Høgde 3 – 40 cm.
- Snaue gras i tuer eller matter.
- Fleirårige.
- Strandeng, salta vegkantar og anna saltpåverka jord.
- Vanleg langs heile kysten.



Foto © Egil Michaelsen

Saltsiv

- Åpen kvast, kapsel svartbrun, litt tilspissa.
- Strå rake og tynne med tjukke slirer.
- Blad gulgrøne, mjuke, flate eller litt tjukke.
- Høyde 10 – 40 cm.
- Matter med krypande jordstenglar.
- Fleirårig.
- Strandeng, grusstrand og strandberg.
- Vanleg langs heile kysten.



Foto©: Kristin Vigander